



Treningsrom i kjellar – Introhuset

Utval

Formannskapet

07.09.2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet godkjenner at Førde bygdalag får etablere treningssenter i kjellaren i Introhuset.
2. Rådmannen får fullmakt til å underteikne avtale med Førde bygdalag.

Saksframlegg

Samandrag

Førde bygdalag ønskjer å etablere eit treningsrom for bygda i kjellaren i det kommunale bygget Introhuset. Saka vert lagd fram for formannskapet til godkjenning.

Saks- og faktaopplysningar

Introhuset er eit kommunalt bygg som ligg nedst i Solheimslia byggjefelt, like ved avkøyringa frå E39. Bygget har to etasjar og kjellar. Det har vore nytta til ulike føremål, mellom anna språkopplæring, fysioterapi og utleigebustad.

Bygget står no tomt, med unntak av at første etasje vert nytta til lager for senger, kvitevarer og anna utstyr som NAV treng i samband med utleige til flyktningar og andre. Bygget har behov for ombygging, oppussing og brannsikring.

Førde bygdalag har teke kontakt med kommunen og ønskjer å nytte kjellaren til treningsrom for bygda.

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Det er utarbeidd eit utkast til avtale med Førde bygdalag, men avtalen er ikkje signert. Dersom formannskapet gjer vedtak i tråd med innstillinga, vil rådmannen ferdigstille og signere avtalen.

Etter utkastet skal Førde bygdalag betale ei leige på kr 2 000 per måned, inkludert straum. Av dette utgjør kr 1 000 per måned dekning av arbeid og kostnader knytte til oppussing av kjellaren, samt etablering av varmepumpe og ventilasjonsanlegg, inntil investeringane er nedbetalte. Bygdalaget vil såleis stå for oppussing og investeringar, og i tillegg betale kr 1 000 per måned i husleige.

Avtalen må utformast slik at kommunen, dersom det oppstår behov, kan ta bygget i bruk att relativt raskt. Det vert lagt til grunn ei oppseiingstid på 3 månader.

Samtidig er det slik at bygdalaget ønskjer eit meir langsiktig leigeforhold, sidan laget vil leggje ned betydeleg innsats i form av dugnad og investeringar. Avtalen bør difor innehalde ei ordning som gjer rimeleg kompensasjon til bygdalaget, dersom kommunen seier opp avtalen før investeringane er nedbetalte.

Vilkåra for utleige vert samla sett vurderte som rimelege. Tiltaket er i stor grad basert på dugnad og kan vere eit positivt bidrag for Førdebygda. Tiltaket kan òg ha positiv verknad for folkehelsa.

Etter rådmannen si vurdering vil tiltaket ikkje vere i konkurranse med private treningssenter, då det ikkje finst slike tilbod i Førdebygda. Tilbodet vil dessutan vere enklare enn det som vert tilbydd ved kommersielle treningssenter.

Vurdering

Det er positivt at bygget vert teke i bruk, og kommunen har ikkje eige behov for kjellarlokala.

Bygdalaget vil pusse opp overflatene i kjellaren, setje inn varmepumpe og montere eit mindre ventilasjonsanlegg i rommet. Reingjering og tilsyn vil dei stå for sjølve.

Når det gjeld første og andre etasje, må kommunen vurdere nærare kva bygget skal nyttast til vidare. Det kan vere aktuelt å byggje om og rehabilitere bygget med tanke på utleige. Dette vil krevje ein del arbeid og kostnader for å oppnå tilfredsstillande tekniske løysingar når det gjeld standard, branntryggleik og funksjonalitet.

Det kan vere mogleg å byggje om bygget til dømes fire til seks tenlege leilegheiter for flyktningar eller andre brukarar. Det kan òg vere aktuelt å undersøkje om det er mogleg å få støtte frå Husbanken til eit slikt prosjekt. Administrasjonen og politisk nivå treng likevel meir tid til å greie ut behovet, omfanget av arbeidet og kostnadene knytte til dette.

Inntil vidare meiner rådmannen at det er ei god løysing å la Førde bygdalag pusse opp kjellaren og nytte han til treningsrom.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen tilrår at Førde bygdalag får ta i bruk kjellaren i Introhuset til treningsrom.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.